

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 09.02.2021

Sak nr.: 20/5005-9

Internt l.nr. 3666/21

Sak: 10/21

Tittel: Saksprotokoll - 1.handsaming Detaljreguleringsplan Kalkarteig bustader

Handsaming:

Habilitet:

Ivar Slinde (Sp) stilte spørsmål om habilitet då han har svigerinne som bur i området.

Spørsmål om habilitet vart røysta over og plan og forvaltningsutvalet fann Ivar Slinde habil i saka, samrøystes.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljregulering for Kalkarteig bustader ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10:

- Plankart dagsett 08.01.2021
- Føresegn dagsett 08.01.2021

Som føresetnad for det vidare planarbeidet skal følgjande leggjast til grunn:

- Føresegn skal rettast slik at det er samsvar mellom plankart og føresegn.
- Grønkorridor som illustrert i illustrasjonsplan skal takast med som eit rekkefølgjekrav.

Føresegn 1.3 skal rettast til:

Tiltak og anlegg innanfor planområdet skal utformast universelt med tanke på best mogleg tilgjenge for alle grupper. Universell utforming skal dokumenterast i detaljplanlegging og søknader om tiltak.

Tilkomst mellom BF4 og BF5 til friområde f_GF3 er for bratt for universell utforming

Føresegn 5.9 skal rettast til:

Felles leikeplass skal utstyrast med minimum fire leikeapparat som gjev moglegheit for allsidig leik for barn i ulike aldersgrupper. Det skal leggjast til rette for planting og skjerming, sitemoglegheiter og inngjerding. Minimum halvparten av leikeplassen skal utformast etter prinsippa om universell utforming.

Plankart skal ha riktig kommunevåpen.